

Reglar for orden og trivsel for barneskulen.

Heimel

§ 2-9. Ordensreglement m.m.

"Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast.

Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda."

§ 9A-1. Generelle krav

"Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring."

Forskrift om ordensreglement for skulane i Samnanger gjeldande frå 01.12.13, finn du her:

<https://www.samnanger.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=5&FilId=1132>

Forskr.oppl.lov. §3-5 Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd.

Grunnlaget for vurdering i **orden** (og åtferd) er knytt til kva grad eleven opptre i tråd med ordensreglementet til skulen. Vurderinga er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Dette inneber mellom anna om eleven er punktleg, følgjer opp arbeidet som skal gjerast og har med nødvendig læremiddel og utstyr.

Grunnlaget for vurdering i **åtferd** er knytt til korleis eleven oppfører seg ovanfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Dette inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre.

Vurdering for orden og åtferd skal haldast skild frå vurderinga av eleven sin faglege kompetanse. I vurderinga i orden og åtferd skal det takast omsyn til føresetnadane eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast vekt på enkelthendingar, unnataket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov.


Elevrådet kan koma med framlegg til endringar av trivselsreglane.

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse:
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Tlf.
Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger



"Barn som opplever at det vert forventa noko av dei, presterer betre"

Skulen forventar;

- at du er presis og held god orden:

- kjem tidsnok til timane og held orden i garderoben
- held deg innafor skulen sitt område dersom ikkje anna løyve er gitt
- gjer leksene og leverer dei til rett tid
- har omslag på bøkene og orden i sekken, og tek godt vare på personlege eigedelar.
- held skulen sitt område reint og ryddig

- at du viser god arbeidsro:

- bruker innestemme
- ventar på tur og rettar opp handa
- er stille og går roleg ved skifte av aktivitetar

- at du viser god arbeidsinnsats:

- følger med på undervisninga, tek imot instruksjonar og beskjedar
- seier i frå når det er noko du ikkje forstår
- kjem raskt i gang med arbeidet
- er konsentrert om læringsarbeidet
- gjer ditt beste og bruker evnene dine på ein god måte

- at du viser god samhandling med vaksne:

- viser respekt og er høfleg ovanfor vaksne og medelevar. Me helser på kvarandre
- rettar deg etter beskjedar og tilsnakk frå alle vaksne, også på bussen
- seier ifrå på ein høfleg måte når du kjenner deg urettferdig behandla
- snakkar med dei vaksne når noko er vanskeleg

- at du viser god samhandling med medelevar:

- viser respekt og tek omsyn til medelevar
- samarbeider godt med andre
- let alle vera med i leiken
- godtek at elevar er ulike og har ulike behov
- snakkar positivt om andre

- at du ikkje plagar eller truar andre:

- bruker ikkje vald t.d. ved å slå eller sparka
- spreier ikkje rykte
- bruker ikkje negativt kroppspråk
- seier ikkje sårande, stygge ord eller bannord. Heller ikkje gjennom data/mobil
- opptrer slik at ingen kjenner seg utsett for mobbing, rasistiske handlingar/ytringar eller seksuell trakassering.

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse:
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Tlf.
Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger



Samnanger kommune

- at du viser respekt for andre sine eigedelar, inventar og skulebygg

- let andre sine eigedelar vera i fred
- har ikkje med ting som kan skada deg sjølv, andre eller bygningane
- tek vare på skulebygga. Nb! Det er farleg og ulovleg å gå på taka
- ikkje brukar tyggis eller snop i skuletida.
- ikkje har med deg tobakk, snus eller andre rusmiddel
- ikkje bruker elektroniske spel i skuletida. Mobilen skal liggja i sekken på lydløst modus.
- du kan sykla til skulen frå det året du byrjar på 5.trinn. Hugs hjelm!
- Ikkje tek med deg verdiskaper på skulen (eksempel)
- alltid bruka skulen sine datamaskinar i samsvar med reglement og kontrakt

Eit tillegg for å sikra eit godt miljø på skulen:

Me kan ikkje regulera alt med reglar og inspeksjonen. Me vil heller ikkje kunna sjå alt som føregår i timar eller friminutt. Skal vi få til eit godt miljø, er det viktig at personalet, elevane og foreldre/føresette samarbeider om å få dette til.

Til elevane: Dersom du har det vanskeleg, eller blir mobba, så snakk med foreldra eller læraren din. (Du kan også leggja eit meldeskjema i meldekassen.) Det same gjeld om du ser at andre har det vanskeleg eller blir mobba.


Til foreldre/føresette: Dersom barnet dykkar har problem på skulen, skulevegen eller skulebussen, ta kontakt med skulen eller ein av foreldrerepresentantane.

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse:
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Tlf.
Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger



SANKSJONAR VED BROT PÅ TRIVSELSREGLANE

Tilsette på skulen er opptekne av dialog og gode relasjonar mellom vaksne og barn. Før tiltaka under vert nytta, skal eleven få høve til å gjera greie for sitt syn.

Fysisk refsing og anna krenkande handsaming av eleven må ikkje brukast. Eleven skal kunna vera med på å rydda og reparera ting som er øydelagt.

Kollektiv avstraffing av grupper for handlingar som einskildelevar har utøvd, skal ikkje skje. Alle tiltak som kan vera relevante ved brot på ordensreglane, skal vera konkretiserte i ordensreglane for kvar skule.

Følgjande tiltak kan nyttast ved brot på orden og trivselsreglane:

- Fjerna eleven frå situasjonen, men oppretthalda kontakten med eleven
- Inndra gjenstandar som blir brukt på farleg eller provoserande måte
- Skilja eleven frå klassen/gruppa, med tilsyn
- Munnleg irettesetjing/ samtale mellom elev/lærar
- Skriftleg melding til foreldre/føresette
- Tap av godar
- Setja eleven inne i friminuttane med tilsyn
- Be foreldre/føresette om å koma og henta eleven - utvisning (jf. Oppl.ova §2.10)

Skade/Hærverk


Dersom utstyr, klede eller bøker vert øydelagt ved uaktsam bruk, kan eleven v/føresette verta pålagde å betala erstatning. Jamfør § 1.2 punkt 2 i Lov om skadeerstatning.

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse:
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Tlf.
Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger



Sakshandsamingsreglar ved alvorlege brot på ordensreglane – vald og trugslar-

Kva seier opplæringslova?

Opplæringslova §2-10

“.....elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisinga for enkelttimar eller for resten av dagen.

Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvisning for resten av dagen.”

Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-98) til § 2-10

Alle sanksjonar skal vere slik at elevane skal forstå kva reglar som er brotne, og kvifor skulen må reagere på dette.

Kva betyr dette i praksis?

Skildring av situasjonen frå dei involverte.

- Rektor har samtale med dei involverte partane (ein og ein)
- Eleven kan ha med sin kontaktlærer (grad av alvor samt grad av tryggleik avgjer)

Oppfølging av elev:


- Klargjer kva for regelbrot som har funne stad, jf. skulen sitt ordensreglement
- Rektor rådfører seg med kontaktlærer til eleven/elevane som er involvert før det blir gjort vedtak om bortvising. Jf. Opplæringslova §2.10.
- Ved bortvising skal alltid foreldre/føresette varslast
- Rektor skriv vedtak med grunngjeving for bortvisinga
- Ved bortvising frå en time følgjer ein rutinar for “Melding heim”, sjå vedlegg.
- Eleven skal ha høve til å be om orsaking etter avtale

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse:
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Tlf.
Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger



Melding til heimen

Samnanger barneskule	Dato:	00.00.2014
----------------------	-------	------------

Elev: _____ er i dag teken ut frå undervisniga i _____ time.

Årsak:

Føresette må snakka med eleven om episoden.

Skulen tek kontakt med heimen pr. tlf. for ei nærare skildring av episoden, og ved eventuelt trong for avklaringar.

Dersom åtferda held fram blir det iverksett åtferdsregulerande kontrakt i samarbeid skule – heim. (enkeltvedtak)?

Underskrift:

_____ Lærer	_____ Elev	_____ Føresette
----------------	---------------	--------------------

Retur til skulen; førstkomande skuledag


Kopi: Rektor, elevmappe, kontaktlærer

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse:
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Tlf.
Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger



Eleven/føresette sin rett til å be om tiltak og skulen si sakshandsaming etter § 9a-3 tredje ledd

Når eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø ikkje blir oppfylt, har eleven/føresette ein rett til å be skulen om tiltak for å betra miljøet, jf. § 9a-3 tredje ledd. Det vert understreka at det er eleven si subjektive oppleving av at retten til eit godt psykososialt miljø ikkje er oppfylt, som utløyser retten til å be om tiltak.

Opplæringslova § 9a-3 tredje ledd seier:

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Ulike fasar i ei sak etter § 9a-3 tredje ledd:

Fase 1: oppmoding om tiltak

- elev/føresette ber om tiltak knytt til eleven sitt psykososiale miljø

Fase 2: skulen pliktar å fatta enkeltvedtak

- skulen utgreier saka
- skulen treff enkeltvedtak der det vert teke stilling til om eleven sine rettar etter § 9a-1 er oppfylt og, kva tiltak som eventuelt skal setjast i verk

Fase 3: eventuell klage

- føresette/eleven klagar på innhaldet i vedtaket eller sakshandsamingsfeil
- skulen oppfyller ikkje innhaldet i enkeltvedtaket mv.
- føresette/elev meiner skulen ikkje har fatta vedtak innan rimeleg tid
- føresette/eleven klagar til skulen som førebur saka og sender ho til klageinstansen

Fase 4: fylkesmannen handsamar klagesaka


- fylkesmannen handsamar klaga

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse:
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Tlf.
Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger



Handtering av plaging/mobbing

Def. plaging/mobbing; Negativ handling over tid. Når nokon med vilje påfører, eller prøver å påføre ein annan person skade eller ubehag.

1. Administrasjonen legg til rette for at kontaktlærar får "rom" til å følgja opp saka, og samarbeider med kontaktlærar i det vidare arbeidet .
2. Offeret fortel om situasjonen til den vaksne slik han eller ho opplever den.
3. Dei impliserte aktørane vert konfronterte med korleis offeret opplever situasjonen. Tydeleg/udiskutabel nulltoleranse for mobbing. Fokusera på mobbaren sine sterke/gode sider og appellera til meir av den ønskjelege åtferda. Formidla klare positive forventningar om at den/dei aktive (mobbar) kan endra åtferd. Tydeleggjera kven som har ansvar for åtferdsendinga.

Kontaktlærar informerer foreldre/føresette om prosedyrar. Oppmoda elevane til å fortelja sine foreldre/føresette om situasjonen.

4. Vurdera om aktør og offer skal møtast. Offeret må vera med på å bestemma om dette skal gjennomførast. Den vaksne er ansvarleg for at det blir eit godt møte mellom partane. Førebu offer og aktør(-ane) på ansvarleggjering av medelevar, jf. pkt. 5.
5. Ansvarleggjera dei andre elevane i gruppa/på trinnet på deira rolle som ev. passive medspelarar. Drøfta korleis gruppa kan støtta opp om prososial åtferd.
6. Dagleg oppfølging av saka første veka. Jamnlege samtaler med offeret og tilbakemeldingar til aktør(-ane).

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse:
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Tlf.
Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger